



Miljødirektoratet
v/Statsforvaltaren i Vestland
sfvlpost@statsforvalteren.no

3. juni 2022

KLAGE PÅ LØYVE TIL PLANTING AV SITKAGRAN PÅ GNR 76 BNR 3 I BERGEN KOMMUNE

Vi viser til vedtak datert 12. mai (ref. 2022/6284), meldt frå Miljøvedtaksregisteret 14. mai 2022.

Vi meiner vedtaket er feil, og at det ikkje kan gjevast løyve til å plante ut sitkagran.

Manglande informasjon om spreining av sitkagran i området

Søkjjar har opplyst «at det er lite spreining av sitkagran til annan skog og kulturmark i området». Og kan hende det i realiteten er slik at det er lite spreining. Men det kan også vere slik at skogen i området har til no ikkje vore gamal nok til at det har vore kongler og dermed mogleg med frøspreining. Eller det kan vere at observatøren ikkje har tilstrekkeleg kunne om sitkagran og treet sitt spreingsmønster.

Så lenge Statsforvaltaren ikkje har undersøkt det sjølv, eller har hatt nokon i oppdrag for å kartlegge dette, meiner vi at ein skal sjå bort frå det. Det er mange nok offentlege rapportar som tyder på at sitkagran kan spreie seg både til eine og andre slaget areal, både kort og langt av stad. Vi meiner ein treng meir føre-var tilnærming til kunnskap om eventuell spreining, samla belastning og mogleg påverknad på anna naturmangfald når det gjeld eit treslag med svært høg (SE) risiko på framandartslista, jf. §§ 4-12 i naturmangfaldlova.

Beiting mot spreining

Vi har registrert at sitkagran slit med å bli stor viss areal blir beita kvart år. Men det er variasjonar når det gjeld beitande dyreslag. Vidare kan det ofte vere tale om nedbeiting og ikkje fjerning av planter. Viss beitinga blir avslutta, kan det vere masse planter som då veks til, då sitkagran har stor regenerativ evne, sjølv frå små stubbar.

Når ein ser kva som skjer når det gjeld vilkår for landbruket, meiner vi at ein ikkje kan vite særleg mykje om det vil bli beita og korleis, om ein 30 års tid.

[Skriv her]

Kunnskap om naturmangfald i området

Så langt vi kan sjå er det eit registreringspunkt på Artskart på søkjar sin eigedom. Det gjeld furukorsnebb, svartmeis og flaggspett. Det finst nokre registreringar andre stader i området, men ingen som er eigna til å fortelje noko særleg om naturen i området. Ein kan jo til dømes spørje seg om kvifor ein ikkje finn registrering av raudlistearten alm på ein stad som heiter Almeland. Vi meiner eit vedtak med potensielt så store negative konsekvensar for naturen ikkje er godt nok utgreidd. Kunnskapsgrunnlaget er for dårleg til å kunne konkludere slik det gjerast og tilsvarar ikkje dei godt kjende negative konsekvensane knytta til arten.

Statsforvaltaren seier: «*Det er ikkje registrert trua eller sårbare artar eller naturtypar i nærleiken*». Vi saknar ei vurdering av om området i det heile er kartlagd av biolog. Viss det ikkje er kartlagd, så er det rimeleg at det ikkje finst registreringar, men då er det samtidig klart mangelfull kunnskap. Etter vår erfaring, med gjennomgang av løyver over mange år, er det ikkje sjeldan at det er mangelfull kartlegging i saker som gjeld løyve til utplanting av framande treslag.

Vindspreiing

Landskapet varierer i form av dalar og åsar som går i retning frå sørvest til nordaust, stigande. Det vil vere rart om det ikkje er ein del vind frå sørvest eller nordaust i perioden når det er frøspreiing. Då kan ikkje vi forstå anna enn at det er fullt mogleg med ein god del vindspreiing ganske langt av garde frå plantefeltet.

I vilkåra står det: «*Eventuell spreiiing av sitkagran skal fjernast inntil 100 meter rundt feltet.*» Det vil altså seie at tre som veks opp lenger enn 100 meter frå plantefeltet er det ingen som har ansvar for. Tre som slepp unna rydding vil bli opphav til ytterlegare spreiiing, då heilt utan nokon som er pålagt ansvar i denne saka. Dette vil nødvendigvis føre til at sitkagrana vil kome til å spreie seg til ganske store område, område med natur som ikkje er vurdert i denne saka.

Sitkagran har lette frø som kan berast langt med vinden, og betydeleg lenger enn 100 meter. Sjølv om mengda frø som spreier seg langt kan vere ein mindre del av total frøproduksjon, så vil det uunngåeleg vere ein del tre som etablerer seg som følgje av langdistansespreiing.

Samtidig legg søkjer, jf. opplysningane i søknaden, opp til ei auka mengd sitkagran på omsøkt felt, og totalbelastninga og frøtrykket vil ein då forvente vil auke tilsvarande.

I saksutgreiinga står dette: «*Når ein art er oppført med svært høg risiko i fremmedartslista skal det vere høg terskel for å tillate utplanting. Generelt kan ein berre tillate slike plantingar dersom det er minimal risiko for spreiiing.*»

Det er langt meir enn minimal risiko for spreiiing i dette høvet. Ein del av denne spreiiinga vil syne først etter at søkjar og sakshandsamar har avslutta si verksemd, men er ikkje mindre alvorleg av den grunn. Det skal jo kome nokon etter oss også.

Oppsummering

Kunnskapen om området er mangelfull. Ein kan ikkje basere seg på at vindspreidde planter blir beita og ein må rekne med vindspreiing over lengre strekningar enn det søkjar har kontroll med.

[Skriv her]

Med venleg helsing

Arnodd Håpnes
Fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet

Christian Steel
Generalsekretær, Sabima

Sverre Lundemo
Fungerande leiar landmiljø, WWF Verdens naturfond